

Tiltaksprogram for vassregion Møre og Romsdal 2010 - 2015



Vedlegg til
Forvaltningsplan for vassregion
Møre og Romsdal 2010 – 2015



Tiltaksprogram for perioden 2010 – 2015

Dette tiltaksprogrammet viser dei 70 viktigaste tiltaka som forvaltningsstyresmaktene vil gjennomføre i planperioden 2010 – 2015. Programmet omfattar både nye tiltak og tiltak som alt vert gjennomført i den løpande forvaltninga av vassførekomstane.

Det er utarbeidd for få tiltaksanalysar og anna planverk, og difor er ikkje alle tiltak utgreidd når det gjeld detaljar, kostnader og framdrift. For nokre miljøutfordringar manglar ein også heimel gjennom naudsynte konsesjonsvilkår og andre verkemiddel. Mange av tiltaka vil difor vere å utgreie tiltak, kartlegge miljøtilstanden og overvake utviklinga.

Tiltaksprogrammet er bygd opp med følgjande omtale av kvart tiltak:

- Tiltaksnummer
- Omtale av tiltaket
- Formål med tiltaket
- Ansvarleg styresmakt
- Verkemiddel
- Kostnad
- Nyttelnivå (1-3)
- Kostnadsnivå (1-3)
- Ein nyttekostnadsindeks (Nyttelnivå : kostnadsnivå)

Der det ikkje føreligg detaljerte utgreiingar, har vi ikkje vurdert dei ulike nivåa og indeksane. Det må difor arbeidast vidare med denne delen av tiltaksprogrammet, og dette vil bli supplert under høyringa.

Tiltaka er sett opp i 2 ulike tabellar, ein for nye tiltak og ein annan for eksisterande tiltak som vert vidareført.

Bilete på framsida: Aursjømagasinet mot demninga, Nesset kommune (foto: Asbjørn Børset)

Nye tiltak i forvaltningsplanen

Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
1	Bygge mekanisk reinseanlegg på Eggesbønes i Herøy	Unngå nedslamming av sjøbotnen i Herøyfjorden med avløpssjøppel	Herøy kommune	Forureiningsforskrifta kapittel 13	8 mill.	2	2	1
2	Bygge mekanisk reinseanlegg i Hareid sentrum, Hjørungavåg og Brandal i Hareid kommune	Unngå nedslamming av sjøbotnen i Sulafjorden med avløpssjøppel	Hareid kommune	Forureiningsforskrifta kapittel 13	5,8 mill	2	2	1
3	Gjennomføre utvida overvaking av utvalde marine resipientar, jf. overvåkingsprogrammet	Kartlegge eutrofiering i sjø og strandsone, og andre effektar på økosystemet	Relevante styresmakter. Fylkesmannen koordinerer.					
4	Kartlegge påverknad av vegsalting på utsette ferskvassførekomstar	Unngå stagnerande botnvatn i innsjøar	Statens vegvesen					
5	Gjennomføre SaltSMART-prosjektet	Få eit saltingsregime som reduserer miljøulempene	Statens vegvesen					
6	Konsesjonsbehandle Ørsta/Volda lufthavn	Unngå avrenning av avisingsvæske og andre miljøskadelege stoff	M & R fylke er ansvarleg styresmakt, AVINOR er tiltakshavar	Forureiningslova				
7	Arbeide for eit betre regelverk om dumping i sjø	Unngå at avfall blir dumpa og forsøplar sjø og strandsone	SFT, MD, FKD, NHD, UD	Int. konvensjonar, samarbeid				
8	Fjerne eller modifisere kulvertar og andre kryssingar mellom veg og vassførekomstar, jf. tiltaksplan frå Statens vegvesen	Fjerne vandringshinder for fisk og andre dyr	Statens vegvesen, kommunane, NVE	Vassressurslova				

Nye tiltak i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
9	Vurdere fjerning av fiskesperrer i lakseførende del av vassdrag, t.d. Steinsvikelva	Gjenskape vandringsmønster for laks og sjøaure	NVE, Mattilsynet, Fylkesmannen, M&R fylke	Vassressurslova, Matlova, Lov om anadrom laksefisk og innlandsfisk				
10	Vurdere å fjerne eller endre tekniske inngrep i regulerte vassdrag	Gjenskape vandringsmønster for laks og sjøaure, betre forholda for biologisk mangfald	OED, NVE er styresmakter, grunneigar eller tiltakshavar må gjennomføre	Revisjon av vilkåra i konsesjonar etter vassdragsreg.lova , § 28 i vassressurslova				
11	Vurdere å innføre eller auke minstevassføring i regulerte vassdrag. Revisjon på gang for 2 kons. i Aura og Litjdalsvassdraget. To kons. i Tussa kan takast opp i 2012 og 2015.	Styrke det biologiske mangfaldet og auke produktiviteten i vassdrag	NVE innstiller til OED,	Revisjon av vilkåra i konsesjonar etter vassdragsreg.lova § 28 i vassressurslova				
12	Vurdere å fastsetje reguleringshøgder og minstevassføring i vassdrag med vassuttak til industri, drikkevatt eller akvakultur	Styrke det biologiske mangfaldet og auke produktiviteten i vassdrag	NVE kan fastsetje vilkår, tiltakshavar må gjennomføre	Konsesjonsbehandle eller revidere vilkår i konsesjonar etter vassressurslova, jf. §§ 28 og 66.				
13	Gjennomføre plan 9809 for biotopforbetrande tiltak i Fiskåelva, Vanylven	Styrke det biologiske mangfaldet og auke produktiviteten i vassdrag	NVE, Vanylven kommune, grunneigarar		Kr. 200.000,-	2	2	1
14	Gjennomføre oppgraderte, biotopforbetrande tiltak i Follestadelva, Ørsta	Styrke det biologiske mangfaldet og auke produktiviteten i vassdrag	NVE, Ørsta kommune, grunneigarar					

Nye tiltak i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
15	Gjennomføre biotopforbetrande tiltak i regulerte vassdrag.	Styrke det biologiske mangfaldet og auke produktiviteten i vassdrag	NVE pålegg tiltak, regulantane gjennomfører. Det er heimel for å pålegge tiltak i fleire regulerings-konsesjonar,					
16	Vurdere å opne eller utdjupe menneskeskapt hindringar av innløp til tronge sund, vågar og andre sjøområde med redusert vassutskifting	Styrke det biologiske mangfaldet i vassførekomsten, unngå oksygensvinn og lokale ulemper	Kystverket, M&R fylke, kommunar					
17	Gjennomføre tiltak for å hindre førekomst av framande skadelege artar, jf. nasjonal strategi, særleg i sårbare og prioriterte område	Beskytte ville bestandar mot spreiding av framande artar	Mattilsynet, Fylkesmannen, M&R fylke, SNO kommunane,					

Eksisterende tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
18	Forsette utbygginga av avløpsnettet i samsvar med hovudplanane for avløp	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane	Forureiningsforskrifta kapittel 13	Varierende etter lokale forhold	3-2	1-3	3 - 0,67
19	Samle utslepp og overføre desse til god resipient på tilstrekkeleg djup.	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane	Forureiningsforskrifta kapittel 13				
20	Sikre god drift av anlegg med minimum av overløp og lekkasjar frå avløpsnettet	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane			2	1	2
21	Sikre forsvarleg deponering og bruk av slam og avløpssjøppel	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet ved slamdeponi	Kommunane	Gjødselvereforskrifta Forureiningsforskrifta		2	2	1
22	Unngå nye spreidde utslepp til sårbare resipientar	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane	Plan- og bygningslova, forureiningsforskrifta kapittel 12	Ingen kostnader, krev meir prioritering i arealplanl..			
23	Oppdatere for dårlege, separate avløpsanlegg. Gjeld alle separate avløpsanlegg i alle kommunane	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane	Gjeld alle gjødsellager i alle kommunane, dei fleste vassførekomstane er berørt.	Kr. 10.000 – 50.000,- pr. anlegg, ukjent sum			
24	Drive aktivt tilsyn med anlegga, registrere volum på slamavskiljarar ved tømning. Gjeld alle separate avløpsanlegg i alle kommunane	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane	Forureiningsforskrifta kapittel 12				

Eksisterande tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
25	Tømme slamavskiljarar 2. kvart år, evt. oftare ved behov. Gjeld alle separate avløpsanlegg i alle kommunane	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane	Forureiningslova § 26, jf § 30	Kr 600-1000,- pr. år/anlegg			
26	Sikre at gjødsellagra har nok kapasitet, og pålegge evt. utbetringar. Gjeld alle gjødsellager i alle kommunane, dei fleste vassførekomstane er berørt.	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane er forureiningsstyresmakt, gardbrukarane er ansvarleg for å gjennomføre tiltak	Gjødselvereforskrifta				
27	Sikre at anlegg for silopressaft er i orden, og evt. pålegge utbetringar. Gjeld alle siloar i alle kommunane, dei fleste vassførekomstane er berørt.	Betre kjemisk vasskvalitet og unngå fiskedød og anna tap av biologisk mangfald	Kommunane er forureiningsstyresmakt, gardbrukarane er ansvarleg for å gjennomføre tiltak	Gjødselvereforskrifta				
28	Unngå sein spreiding av husdyrgjødsel utan nedmolding i sårbare område. Gjeld alle husdyrgjødsellager i alle kommunane, dei fleste vassførekomstane er berørt.	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn	Kommunane er forureiningsstyresmakt, gardbrukarane er ansvarleg for å gjennomføre tiltak	Gjødselvereforskrifta	Liten ved endring i rutiner – middels-stor ved bygging av nye gjødsellager	3	1-2	3 – 1,5
29	Vurdere mjølkeromsavløp og evt. oppdatere dårlege anlegg. Gjeld alle mjølkeprodusentar i alle kommunane, dei fleste vassførekomstane er berørt.	Betre kjemisk og hygienisk vasskvalitet, særleg i ferskvatn og strandsona i kystvatnet	Kommunane er forureiningsstyresmakt, gardbrukarane er ansvarleg for å gjennomføre tiltak	Gjeld alle gjødsellager i alle kommunane, dei fleste vassførekomstane er berørt.				

Eksisterende tiltak som blir videreført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
30	Videreføre dagens praksis med å plassere matfisk-anlegg på gode sjøresipientar. Dette gjeld alle matfiskanlegg i vassområda.	Unngå nedslamming av sjøbotn og lokal eutrofiering og oksygenvinn, ha minst god økologisk tilstand	Fylkesmannen og M&R fylke er forureiningsstyres makt Fiskeridir. gjev konsesjonar etter akvakulturlova, medan Mattilsynet har ansvaret for fiskehelse	Akvakulturlova Forureiningslova	Ingen ny kostnad då dette er grunnlags-kostnader for drifta			
31	Legge utsleppsleidningar frå landbaserte fiskeoppdrettsanlegg til gode resipientar	Unngå nedslamming av sjøbotn og lokal eutrofiering og oksygenvinn	Fylkesmannen og M&R fylke er forureiningsstyres-makt					
32	Praktisere optimal føring for å unngå unødige utslepp. Dette gjeld alle akvakulturanlegg i vassområda.	Unngå nedslamming av sjøbotn og lokal eutrofiering og oksygenvinn Redusere ulemper med føropptak hos villfisk	Fylkesmannen og M&R fylke er forureiningsstyres-makt, Fiskeridir. gjev konsesjonar etter akvakulturlova, medan Mattilsynet har ansvaret for fiskehelse	IK akvakulturforskrift Forureiningslova	Ingen, gjev reduserte kostnader	Stort	0	
33	Kartlegge utslepp frå gamle deponi, forureina sediment, samt eksisterande utslepp og avrenning.	Unngå eller redusere utslepp av miljøgifter til vassførekomstar	Fylkesmannen, M & R fylke, SFT	Forureiningslova				
34	Gjennomføre tiltak mot forureina grunn og sediment	Unngå eller redusere utslepp av miljøgifter til vassførekomstar	Kommunen, Fylkesmannen, M & R fylke, SFT	Forureiningsforskrifta kapittel 2 (kommunen) Forureiningslova				

Eksisterende tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
35	Stille krav til dumping av forureina slam, mudder og andre massar. Dett trer først i kraft når det blir aktuelt med dumping.	Unngå spreing av miljøgifter til nye vassførekomstar	Fylkesmannen, M & R fylke	Forureiningsforskrifta kapittel 22				
36	Ha ein høg beredskap mot akutt forureining	Redusere skadeverknader ved utslepp av olje eller andre skadelege kjemikaliar	Kystverket, Interkomm. utval mot akutt forureining					
37	Drive tilsyn med avfallsdeponering og påtale ulovleg dumping. Dette gjeld alle kommunar og dei fleste vassførekomstane.	Unngå skjemmande avfall og lokal forureining	Kommunane,	Forureiningslova § 37, avfallsforskrifta § 7				
38	Førebygge mot ulovleg avfallsbrenning på land og til sjøs.	Unngå lokal forureining og utslepp av miljøgifter	Kommunane, Fylkesmannen, M & R fylke	Forureiningsforskrifta kapitla 15 og 21, Forureiningslova § 7				
39	Drive rettleiing om avfallsdeponering og -brenning	Unngå skjemmande avfall og lokal forureining	Kommunane, Fylkesmannen, M & R fylke	Forureiningsforskrifta kapittel 15, avfallsforskrifta				
40	Pålegge opprydding av avfall.	Unngå skjemmande avfall og endra økologisk tilstand i strandsone, sediment og sjøbotn.	Kommunane, Fylkesmannen, M&R fylke	Forureiningslova § 37				
41	Hindre ulovleg brenning	Unngå lokal forureining og utslepp av miljøgifter	Kommunane, Fylkesmannen, M&R fylke, er ansvarlege styresmakter	Forureiningsforskrifta, avfallsforskrifta				
42	Arbeide for betre tilsyn mot avfallsdumping i sjø	Unngå at avfall blir dumpa til havs og forsøplar sjøbotn, sediment og strand	SFT, MD, FKD, NHD, UD	Int. samarbeid				

Eksisterende tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
43	Drive avfallsmottak frå skip i hamner.	Unngå at avfall blir dumpa til havs og forsøplar sjø og strandsone	Kommunane, Kystverket og andre hamneeigarar	Forureiningsforskrifta kapittel 20				
44	Rydde søppel i utvalde område som friluftsområde, naturvernområde og andre prioriterte stader	Unngå forsøpling av sjøbotn, sediment og strandsone	Kommunane, Fylkesmannen, M & R fylke, SNO					
45	Vurdere fjerning eller modifisering av forbyggingar mot vassdrag	Betre forholda for biologisk mangfald i vassdrag	Grunneigarar og kommunar må gjennomføre tiltak, NVE, FM/fylke kan vere pådrivarar	Vassressurslova				
46	Innføre biotopfremjande tiltak i regulerte vassdrag ved revisjonar og ny konsesjonsbehandling. Revisjon på gang for 2 kons. i Aura og Litjdalsvassdraget. To kons. i Tussa kan takast opp i 2012 og 2015.	Styrke det biologiske mangfaldet i vassdrag	NVE og OED,er ansvarlege styresmakter, regulantane må gjennomføre tiltaka	Revisjon av vilkåra i konsesjonar etter vassdragsreg.lova og industrikons.lova. NVE kan ta opp kons.vilkår til revisjon etter krav frå lokale instansar. Bruk av § 66 i vassress.lova.				
47	Fullføre biotopforbetrande tiltak i Vartdalselva, Ørsta	Styrke det biologiske mangfaldet i vassdraget	NVE, kommune, grunneigarar					
48	Gjennomføre biotopfremjande tiltak i regulerte vassførekomstar der dette er heimla i konsesjonsvilkåra	Styrke det biologiske mangfaldet i vassdrag	Fylkesmannen/ M&R fylke, DN og NVE kan gje pålegg, regulantane gjennomfører	Konsesjonsvilkår etter vassdragsreguleringslova og vassress.lova.				
49	Synkronisere tiltak mot lakselus på lakseoppdrettsanlegg. Dette kan gjelde dei fleste anlegga i dei aktuelle vassførekomstane	Redusere belastning av lakselus og andre parasittar på ville lakse- og sjøaurestammar	Mattilsynet pålegg tiltak, oppdrettarane gjennomfører	Matlova				

Eksisterende tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
50	Etablere kantvegetasjon langs prioriterte vassførekomstar. Dette kan gjelde dei fleste ferskvassførekomstar ved dyrka mark og utbyggingsområde.	Styrke det biologiske mangfaldet i vassdrag	Fylkesmannen, M&R fylke, kommunane kan pålegge tiltak, grunneigarar og tiltakshavarar i gjennomfører	Vassressurs.lova § 11 og plan- og bygningslova.				
51	Ta vare på viktige naturkvalitetar ved god forvaltning av verna område. Dette gjeld alle verneområde.	Styrke det biologiske mangfaldet i og ved vassførekomstane (beskytta område)	Fylkesmannen, M&R fylke, akt. kommunar, SNO	Naturmangfaldlova, forvaltningsplanar, oppsyn og skjøtselsmidlar				
52	Kartlegge utbreiinga av elvemusling. Elvemuslingen er registrert i Åheimselva, Vågselva i Sande, Hareidsvassdraget, Ørstaelva og Bondaselva. Det er aktuelt å undersøke nabovassdrag for å finne ny utbreiing.	Skaffe eit faktagrunnlag for bevaring av art og bestand	Fylkesmannen, M&R fylke, akt. kommunar, SNO	Handlingsplan for elvemusling, kartlegging og overvaking				
53	Gjennomføre tiltak i nasjonal handlingsplan for elvemusling	Bevaring art og bestand	Fylkesmannen, M&R fylke, SNO	Kartlegging og overvaking, oppsyns- og skjøtselsmidlar. Vassdragskonsepsjonar kan ha vilkår				
54	Videreføre ei berekraftig utnytting av bestandar av anadrom laksefisk, innlandsfisk og ål vha. fisketider, fredingssoner og reiskapsbestemmingar. Gjeld alle vassførekomstar i sjø og dei fleste i ferskvatn.	Styrke grunnlaget for bevaring av bestandane i ferskvatn	Fylkesmannen, M&R fylke, DN,	Fisketids- og reiskapsbestemming ar etter naturmangfaldlova.				

Eksisterende tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
55	Vidareføre arbeidet med å hindre rømming frå settefisk- og matfiskanlegg. Gjeld alle oppdrettsanlegg.	Beskytte og styrke fiskestammene i ferskvatn.	Fiskeridir, Kystverket, Fylkesmannen	Drifts- og IK-akvakulturforskriften (Fiskeridir) Merkeforskriften (KV)				
56	Halde fokus på avstandskrav og plassering av oppdrettsanlegg i høve til vassdrag og andre sårbare lokalitetar. Vil gjelde all nyetablering av oppdrettsanlegg.	Beskytte ville laks- og sjøaurestammar i ferskvatn mot skadeverknader frå lakselus, parasittar og genetisk påverknad frå akvakultur	Fiskeridir, Mattilsynet, Kystverket Fylkesmannen, M&R fylke					
57	Vidareføre nasjonalt arbeid med kartlegging av utbreiing og overvaking av framande skadelege artar. Dette er eit overordna arbeid som ikkje er knytt til spesielle vassførekomstar.	Faktagrunnlag for å beskytte ville bestandar mot spreining av framande skadelege artar	Nasjonale sektorstyresmakter (jfr. Nasjonal strategi).					
58	Handtere ballastvatn i tråd med gjeldande regelverk. Dette vil gjelde alle sjøvassførekomstar.	Beskytte ville bestandar mot spreining av framande artar	Sjøfartsdirektoratet	Ballastvassforskriften (2009)				
59	Overvaking av vassførekomstar (biologisk og fysisk-kjemisk vasskvalitet)	Faktagrunnlag for å ta vare på vasskvalitet og biologisk mangfald	Kommunane, Fylkesmannen, M&R fylke, SNO, NVE/regulantar	Vassdragskonsepsjonar kan ha vilkår fastsett av NVE/OED, regulant gjennomfører. NVE har eiga overvaking av fysiske parameter				
60	Kartlegging av førekomsten av truga artar.	Skaffe eit faktagrunnlag for bevaring av truga artar	Fylkesmannen, M&R fylke, SNO, kommunane,					

Eksisterende tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
61	Kartlegging av førekomsten av miljøgifter	Skaffe eit faktagrunnlag for tiltak mot miljøgifter	Fylkesmannen, M&R fylke, kommunane, SFT, Mattilsynet					
62	Overvaking av drikkevatt og rapportering til sentralt register	Sikre god drikkevasskvalitet og oppdage forureining og annan påverknad av vasskjeldene	Mattilsynet, Folkehelseinstituttet, kommunane					
63	Overvaking av miljøgifter som dioksinar, PAH, PCB og andre giftige stoff i drikkevatt	Dokumentere status for miljøgifter i spesielt utsette drikkevasskjelder	Mattilsynet, kommunane					
64	Overvaking av <i>Gyrodactylus salaris</i> . Dette gjeld den infiserte elva Litj-dalsvassdraget, men også andre vassførekomstar som kan vere utsett for smitte.	Skaffe eit faktagrunnlag for bevaring av art og bestand	Mattilsynet					
64	Overvaking av giftproduserande algar i ferskvatt og kystvatt. Dette kan gjelde dei fleste sjøvassførekomstar og ferskvatt som er utsett for algeoppbløming.	Oppdage gift i skjel Oppdage algar som trugar oppdrettsanlegg Oppdage algar som trugar vasskvaliteten	Mattilsynet, kommunane					
66	Overvaking av lakselus på villfisk. Dette skjer i Langfjorden	Skaffe eit faktagrunnlag for betre forvaltning av artar og bestandar	Mattilsynet, Fylkesmannen, M&R fylke, DN. NINA driv forskning.					

Eksisterende tiltak som blir vidareført i forvaltningsplanen								
Tiltak nr	Tiltak	Mål med tiltaket	Ansvarleg	Verkemiddel	Kostnad	Nytte nivå	Kostnads nivå	n/k
67	Kartlegge fiskebestandar i regulerte vassdrag.	Skaffe eit faktagrunnlag for betre forvaltning av artar og bestandar	Fylkesmannen, M&R fylke, DN kan pålegge undersøkingar, regulantane gjennomfører	Konsesjonar etter vassdragsreg.lov og vassressurslova. Det er heimel for å pålegge fiskeri-biologiske undersøkingar i fleire reg.konsesjonar.				
68	Kartlegge fisketettleik og smoltproduksjon i vassdrag. Dette kan vere aktuelt i alle vassdrag med anadrom laksefisk.	Skaffe eit faktagrunnlag for betre forvaltning av artar og bestandar	Fylkesmannen, M&R fylke, DN kan pålegge undersøkingar, regulantane gjennomfører	Konsesjonar etter vassdragsreg.lov og vassressurslova				
69	Kartlegge og kategorisere lakse- og sjøaureførande vassdrag	Skaffe eit faktagrunnlag for betre forvaltning av artar og bestandar	Fylkesmannen, M&R fylke, DN					
70	Utsetjing av fisk i regulerte vassdrag. Største utsetjingspålegget er 50.000 laksesmolt som vert sett ut i Eira.	Styrke bestand og avkastning der gyting og rekruttering er hemma av regulering. Ein del utsetjingspålegg har vorte endra til t.d. biotopfremjande tiltak pga. uheldige utslag av fiskeutsetjingar.	Fylkesmannen, M&R fylke, DN pålegge utsetjingar, regulantane gjennomfører	Det er heimel for å pålegge fiskeribiologiske undersøkingar i fleire reg.konsesjonar.				